

Halling- ljom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/14

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Hardingfele til leide	side	6
Minikurs 5. oktober	side	6
Jubileumsfest med valdrisen	side	7
Hallingbu, lagshytta vår	side	8
Hallingbu, arbeid med pipa	side	10
Helgekurs i hallingspringar	side	12
Program for hausten	side	13
Durspilletts historie	side	14
Reisebrev frå Burma	side	17
Hakkebakkeskogen i Flå	side	18
Lagsinformasjon	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

No er hausten i gang i Hallinglaget, i eit jubileumsår som er ganske bratt, for pipa på Hallingbu **sprakk** etter påkjenninga av snøen etter ein snøvinter som strakte seg heilt ned til Lillomarka! Og me vart lurt av alt regnet og lite snø i hovudstaden, så me gløymde den årlege snømokinga av taket på hytta vår!



Det sjokkerande synet som møtte undertekna på ein dagstur i vår!

Så Hallinglaget har fått prøvd seg dette året. Med utfordringar som er i største laget for eit lite bygdelag som vårt. Kostnadene med utbetringa av ei slik skade er også betydelege, og noko hjelp av Forsikringsselskapet vårt fekk me ikkje. Bilda synte av pipa var gamal (frå 1960-åra) og for dårleg vedlikehalde. Så me måtte gå i gang med alle midlar sjølve, og me har opplevd hjelp og gode stunder, midt i mellom dei tunge stundene. Eg oppfordrar alle som kan, om å bidra og ta ei slag for laget.

Mange av oss hadde fine dagar under Folkemusikkveka på Ål i mai og Landskappleiken på Geilo i juni, så eg veit eg at mange ser fram til at dansinga tar til att i Nordahl Bruns gate 22. Sommaren er lang, og det syner seg at det er naudsynt med ei pause om sommaren, slik at ein blir ekstra motivert for eit nytt halvår. Så no håper me som er i Styre og stell at folk hiver seg med på det som me har av program denne hausten. Sjå programmet vårt på midtsidene.

Ekstra viktig for laget og drifta er det at folk møter opp på Jubileumsfesten saman med Valdrelaget 11. oktober og at Helgekurset i hallingspringar 8. – 9. november blir minneverdig (som vanleg☺). Ein stor takk til alle som stiller opp for å få til trivelege samkomer når me skipar til noko!

Det var ein imponerende dugnad på Hallingbu 13. august då me bar inn alt til den nye pipa (og meir enn det). Då flytta me fjell, og det var ein sær s n øgd gjeng som tok ei velfortent matpause på ettermiddagen og som kom heim den kvelden. Me kan om me vil må vera mottoet vårt framover. Etter det er pipa over taket banka ned og ein murar me har fått kontakt har mura opp ei ny pipe i september. Takka vere at det vart godt vær i september, så har me fått gjort det som måtte gjerast.



Frå venstre rundt bordet: Heidi Wie, Elin Berget, Else Mohn, Oddvar Opheim, Inger Opheim, Michel Gascoin og Gisela Attinger med ryggen til. Ein stor takk til alle som var med!

Drifta av Nordahl Bruns gate går så det susar, og all gjelda er endeleg borte og ein har no evne til å pusse opp og vedlikehalde garden på ein skikkeleg måte. Denne sommaren er det kafeen og inngangen til Storsalen som er blitt pussa opp, samt at det er blitt ny garderobe til Halli og Blåsalen. .

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

Bli med å dans i året som kjem ...

Kos dikkon med Hallingljom!

*Beste helsingar
frå Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*

HARDINGFELA TIL HALLINGLAGET KAN LEIGAST

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er ikkje verst og ho har dei siste tre åra vore leigd ut til Peter John Warner som har lært mykje. Det har vore svært gledeleg at han har kvittert med eit par små konsertar på øvingane våre! Takk til han for det. Etter tre år har han no levert tilbake fela med nye strenger, heilt etter "Felereglane".

Kravet til den som leiger fela er at vedkomande er medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan bli auka med ein hundrelapp dette året (Styret avgjer!). I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert når me kjenner dei som leiger fela. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne!

Hallinglaget håper at det vil melde seg ein ny interessert person som vil leige fela vår. Dess meir ho blir spelt på, dess betre blir fela!

Terje

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 5. oktober i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Simon Hesselberg Løvald** som får hjelp av jentene i laget. Dansespel ved vår særskilde gode spelkvinne **Hilde Kirkebøen**.

Simon er Danseleiaren i Hallinglaget og er ein aktiv dansar som det er lett å lære av. På Geilo vart han A-klasse dansar i Laus, Hallinglaget gratulerer hjartelig!

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert! Det er søkkande kjekt å kunne danse litt hallingspringar, og øving gjer meister!

Inngangspengar: 120 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.



Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate! Ta med deg danseskoa og kom og dans! Alle er velkomne.

Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...

115 års jubileumsfest
HALLINGLAGET OG VALDRESLAGET I OSLO

Laurdag 11.oktober 2014

Kl. 18.00 – 01.00

Det vert runddans og springar til grepa god musikk frå båe dalføre og me vil få konsert frå nokre av dei før dansen startar.

*Hilde Kirkeboen, Ulf-Arne Johannessen, Sivert Holmen,
Laura Ellestad, Sverre Gjevre og Reidar Skjelkvåle*

Stad:

Storsalen, Nordahl Brunsgt. 22

Meny

Spekjemat, potetsalat, salat
Kaffi og heimebaka kaker
Sal av variert drikke

Pris: 250,-/300,- (ikkje medl)

Påmelding og betal til konto: 0540.08.09331
innan 8. oktober og sei i frå til:

Terje Grangård: 482 04 652

E-post: grangard@online.no eller

Brit B. Totland: 934 15 674

E-post: brit.totland@gmail.com

Me gler oss. Håpar DU kjem

Hallingbu, lagshytta til Hallinglaget

Hallingbu ble bygd i 1905, og i vår har vi sett at det trengs eindel vedlikehald.

Vinteren tok hardt på pipa, og vi er i gang med prosjekt «ny pipe». Stillas er bygd, materialar er frakta inn i løpet av august....., mens vi no venter på at muraren kan sette i gang med arbeidet i midten av september.

Vi meiner at det er viktig å restaurere hytta slik at den blir bevart for ettertida. Når vi no legg mykje arbeid i å reparaasjonar er det sjølvsagt for at mange fleire vil ynskje å bruke den. Og kanskje er vi så heldige at det også er ein og annan dyktig handverkar i laget som kan tenkje seg å vera med på restaureringen/ dugnaden. Vi ynskjer å appellere til alle hyttesjelene der ute i laget, og gjerne vekkje nokon nye, om den perla av ei hytte som ligg inne i marka og ventar:

På ein kolle i skogen ligg Hallingbu, omkransa av dei finaste grantre og med Ormtjern blinkande blankt nedanfor bakken. Tenk å ha ei lafta tømmerhytte midt i Oslomarka, berre slik, nett fordi du og eg og vi alle er medlemmar i laget, det er slettes ikkje så verst.

Så, da undrar eg meg på kvifor det ikkje er fleire som stikk til skogs tidleg som seint, og brukar hytta. Anten du fer med bil (20 minutters kjøring frå sentrum) eller med toget frå Oslo S til Snippen. Derifrå er det berre ein fin times turmarsj opp til hytta.

Og dette er ei hytte med sjel, for ja; sjølv ei lagshytte kan ha det. Med tømra veggjar, hems, og peis å samlast rundt når kvelden kjem. På soverommet er det to gode nye køyesenger, i stova plass på sofaen, og på hemsen, fordelt på to rom, søv 4 eller 6 personar godt. Eg ligg alltid der, og godt er det å ligge å sjå ned på dei siste som stullar i stova, sløkkjer lys, og har eit lite snakk, det er som å vera attende i bardommens rike; da ein låg å hørde på dei vaksnes småprat før svevnen tok ein.

Ute er det mange muleghetar for fine turar, merka løyper både sumar som vinter. 800 m til Sinober for å nyte vått eller tørt, ein tur bortom nokon av dei andre lagshyttene; Buvollen til Valdreslaget har danseplattung for den som vil svinge foten. Eller ein god marsj til Lilloseter.

For den som ynskjer å bruke øks/ sag/ malekost/ vaskekost osv, er det som det stort sett er på hytter; mykje gjort og ein del ugjort, alt blir tatt i mot med glede.

For den som berre vil late seg, er det å tusle ned til Ormtjern, sjå på leiken til froskane for så å sleppe seg ned i det mørke, trolske og alltid forfriskande vatnet. Sitje på ein knaus og la seg soltørke. Kvile seg i graset på vøllen, fyre opp eit bål i grillen, for ved er det alltid godt med på Hallingbu. Grille det ein har putta i sekken, eller kanskje steikje ein neve kantarellar du fant på Terjes kantarellstad under grantrea, nyte den nysteika i smør, rjome og litt pepar, og deretter skogens bær. For så å avslutte kvelden inne framfor peisen, med ei plate snurrande på sveivegrammofonen.

For roen den finn ein på Hallingbu, så banalt kan det seiast; bort frå byens larm og mas!

Og for meg er dette det største, komme opp og kjenne roen senke seg idét eg sett frå meg sekken på trammen, -ubetaleleg !

Så kva ventar du på? Ut på tur :D

Else



*I år var Spikjikkjøtturen 11. juni i nydeleg sommarvêr. Her ved avreise, seint i kveldinga.
Frå venstre: Else Mohn, Mari Nustad, Elin Berget, Terje Grangård, Jette Iversen,
Ove Bakken, Magne Dale, Grete Iversen, Trond Roseth (bak), Heidi Wie og
Solbjørg Fridtun*

Her kjem også eit fint lite dikt som Ove leste opp under middagen vår ute på tunet:

Hallingspringargjengen

Vi er eit bygdelag med røter i Hallingdal.
Ihuga øver vi springar kvar annan onsdag i Den blå sal.
Det finst ikkje den jente eller gut
som kan kaste oss ut,
for hallingspringar'n er for oss - nærmast eit kall!

Ove Bakken, 11. juni 2014

*Her kjem utdrag frå ein artikkel som underteikna fekk inn i lokalavisa Hallingdølen etter fraktedugnaden. Eg har tatt vekk noko, for det blir noko gjentaking, men ingen må vere i tvil om at det er Hallingbu som har vore i fokus sidan den skadde pipa vart oppdaga seint på våren. Og sist har eg lagt ved eit bilde av pipa slik den såg ut 19. september i år. **Hurra, me klarte det!***

Hallingbu krev innsats!

Hallingbu er hytta til Hallinglaget i Oslo. Hytta ligg i Nittedal Kommune, i Lillomarka på grensa mot Oslo, nær Sinober Sportstue som ligg omlag 5 km nord for Lillosæter.

Etter den tøffe snøvinteren i år, også i Lillomarka som ligg på omlag 400 moh., fekk Hallingbu diverse skader som må utbetrast. Til dels krevjande vedlikehaldsoppgåver som er på grensa av kva ein lite bygdelag som Hallinglaget kan makte, på grunn av begrensa økonomi og relativt få aktive medlemmer.

Det fyrste me oppdaga i vår var at pipa hadde fått ein knekk midt på, på grunn av den store snøtyngden! Diverre så er pipa bygd mot langveggen, slik at den må vere omlag 2 meter høg for å komme godt over mønet. Tips til alle som skal bygge hytte i snørike områder: plasser pipa slik at den kjem opp gjennom mønet, for då slepp ein slike triste skader.



Stillaset på Hallingbu som me bygde i juli. Mangeårig medlem i Hyttestyret, Michel Gascoin synes utsikten er topp! Under bygginga av stillaset syntes me at Hallingbu kunne vore mindre høg!

Hallinglaget hadde ein heilt uttuleg fraktedugnad onsdag 13. august, for då bar sju medlemer inn alt som trengst for å bygge opp ei ny pipe. Me frakta alt frå Sinober og inn, langs ein stig, i ein avstand på omlag ein kilometer. Tidlegare i i sommar sette med opp eit stillas, sjå bildet, heilt utan kostnad for laget! Stolpene er hogd ei eigen skog og bord og planker kjem frå gamle lager, under hytta og frå uthus i Hallingdal.

Murar er bestilt, me satser på profesjonell hjelp for å bygge pipa. Under arbeidet på Hallingbu har me også sett at andre vedlikehaldsoppgåver må gjerast. Neste år må me skifte vindskier og islekter, kanskje også nokre mønepanner. Beising og vedhogst er sktivitetar som går att. Om det finnes fleire hallingar i byen som liker seg i skogen, så håper me desse vil bli med i Hallinglaget for å bistå oss på Hallingbu. Me som bruker Hallingbu ein del er blitt svært glad i hytta og ynskjer at den skal bestå i mange år framover.

Folk som ynskjer å jobbe litt på Hallingbu er sær s velkomne, og hugs at det er sær triveleg å ha ei hytte i Lillomarka rett nord for Oslo. Her er det fint å grille, bade, plukke bær og slappe av. Alle bidrag er kjærkomne, både arbeid og eventuelle pengebidrag. For alle desse vedlikehaldsoppgåvene kostar pengar, spesielt når me må leige inn handverkarar. Så me gjer det meste sjølve.

Terje Grangård



Takk og pris, pipa er på plass att! Ein stor takk til murar Magnar Nordgård som kunne mure pipe!

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

8. - 9. november 2014, med Ulf-Arne Johannessen frå Ål



Laurdag: 8. november, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 9. november, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar,
som er ein av dei beste danserane me har.

Gjestelærer:

Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar
frå Ål. Ei av våre nye dansestjerner ...

Spelemenn:

Sjur Borge frå Gol på torader.

*Biletet syner Ulf-Arne Johannessen og Ingunn Stræte Lie med kongepokalen! På dette kurset får han med seg **Silje Risdal Liahagen**. Ulf-Arne er ein sær dyktig spelemann òg, og vil spele torader for oss på Jubileumsfesten 11. oktober.*

Mat: Det blir ei god matpause, der Berit, Else, Elin og andre i styret vil sørgje for dugurdmaten.

Pris: Kr. 400,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 1. november for planlegging av mat og anna.

Kursinformasjon:

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar – og det blir moro!

Ulf-Arne vart noregsmeister og kongepokalvinnar i Dans hardingfele kl. A, saman med Ingunn Stræte Lie, på Geilo i 2009. Sidan har desse to halde seg i toppen i dans hardingfele. Og sjølv om han har runda 40-år (kven skulle tru det), vart han også nummer tre og ein av finalistane i Laus klasse A på Geilo i år. Og for eit nivå og breidde det er i laus for tida, det var minst sju frikarar med! Ulf-Arne er ein sær populær kurshaldar både i springar og laus.

Og i år får hjelp av **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Ål. Ho vil syne jentedansen slik dei gjer det på Torpo! Og Silje er ei av jentene som kan svive slik at ho tek pusten frå ein, og ho kan forklare kva ho gjer! *Sær velkomne er dei alle, Sjur Borge er klar med toradaren!*

NB! Her vil ein lære mykje springar og om dans generelt: både **steg, takt, svikt og haldning!**
- - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... så meld dykk på!

Epost til: grangard@online.no eller SMS til 48204652.

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2014

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 10. sep. Springarøving kl. 19.00.
- 24. sep. Springarøving kl. 19.00.
- 8. okt. Springarøving kl. 19.00.
- 22. okt. Springarøving kl. 19.00.
- 5. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 19. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 3. des. Juleavslutning m/dans kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 5. oktober: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Hilde Kirkebøen spelar og instruksjon
ved Simon Hesselberg Løvald i ein og ein halv time. *Møt opp!*

Laurdag 11. oktober: 115 års JUBILEUMSFEST! Stor dansefest,
saman med Valdreslaget som også er skipa i 1899! Med godt spel frå
Hallingdal og Valdres. Desse spelar: **Hilde Kirkebøen, Ulf-Arne Johannessen,**
Sivert Holmen, Laura Ellestad, Sverre Gjevne og Reidar Skjelkvåle!
Det blir variert gamaldans og springarspel frå begge dalføre. Det kan også kome
ein pols eller to, og nokre av artistane vil sørge for ein liten festkonsert.
Kr. 250,- for heile kvelden frå kl. 18.00. *Påmelding pga. matservering!*

8. – 9. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!
Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.
Instruktør: **Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar frå Ål.**
Samt Landskappleikvinnar/Kongepokalvinnar!
Gjestelærer: **Silje R. Liahagen, A-klasse dansar frå Ål.**
Dansespel ved: **Sjur Borge frå Gol (torader)**
Pris: kr 400,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!
Møt opp og bli ein betre dansar!

Laurdag 22. november: Oslokappleiken på Riksscena heile dagen,
Kappleiksfest med dans og moro på kvelden!
Sundag 23. November: Folkemusikk/Meisterkonserten frå LKL på **Operaen!**

Sundag 30. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskveld kl. 19.30.
VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (22 52 22 67/ 48 20 46 52), (grangard@c2i.net)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (berit.ellefsen@dnbnor.no)
Elin Berget: (98 01 99 10), (elinberg04@hotmail.com)

En kort innføring i durspillets historie og virkemåte – samt forholdet til feletradisjonen.

Av Bjørn Aasheim, Oslo

Virkemåte

Durspillet tilhører instrumentfamilien aerofoner, som betyr at tonen dannes ved hjelp av lufttilførsel. På et durspill tilføres luft ved å trykke ned en knapp, samtidig som belgen presses inn eller dras ut. Når knappen trykkes ned, åpnes en klaff som sender luften inn i en kanal hvor det sitter en *stemme* som består av en stemmetunge som sitter i en metallramme. Luften gjør at stemmetungen begynner å svinge fritt i metallrammen. Dette prinsippet kalles fritungeprinsippet.

Et durspill kan være én-, to-, tre eller firekorig. De fleste durspill er to- eller trekorige, enkorige durspill tilhører sjeldenhetene. Hvert «kor» tilsvarer én stemme. I et trekorig durspill frembringes hver tone av tre stemmer (eller kor) som klinger sammen (ofte stemt litt «fra hverandre», slik at man får en tremolovirkning). Stemmene er festet til en stemmestokk ved hjelp av bivoks eller skruer, og alle stemmene klinger i hvert sitt tonekammer inne i stemmestokken, hvor også luftkanalene befinner seg. Ved siden av stemmetungen er det montert en skinnlapp som sikrer at luftstrømmen kan gå bare én vei gjennom stemmen.

Et viktig kjennetegn ved durspillet, til forskjell fra et vanlig trekkspill, er at det er vekseltonig – både i diskant og bass, dvs. at man får ulike toner på samme knapp når belgen trykkes inn eller dras ut. Et annet kjennetegn ved durspillet er at det er diatonisk, i motsetning til et vanlig trekkspill, som er kromatisk. Diatonisk betyr enkelt sagt at man bare kan spille melodier i dur i nærmere bestemte tonearter. De vanligste durtoneartene er A/D og G/C.

Durspillets første tid i Norge og Europa

De første durspillene kom trolig til Norge rundt midten av 1830-tallet. Instrumentet ble til å begynne med tatt i bruk i de store byene, først Kristiania, senere også de andre større byene i landet. På kontinentet, særlig i Paris, var durspillet borgerklassens instrument i 1830-årene. Trolig var dette tilfellet også i Skandinavia.

I Europa utviklet det seg etter hvert to konkurrerende systemer: et tysk og et fransk system. Den tyske modellen hadde én eller to rader i diskanten og to evt. fire bassknapper. Skalaen var diatonisk, og det var alltid et kvartintervall mellom innerste og ytterste rad, for eksempel G- og C-dur. Bassknappene var stemt i grunntone og dominant (kvint), eventuelt også i subdominant (kvart). Den franske modellen hadde også to rader i diskanten, men bare to bassknapper. En annen forskjell var at den franske modellen bare hadde en halvtone mellom ytterste og innerste rad, noe som gjorde at man kunne spille kromatisk. Den franske modellen var dermed på mange måter mer anvendelig, fordi man kunne spille flere melodier på den, sammenlignet med den tyske. Det var også denne modellen som slo an hos det franske borgerskapet.

Det er to grunner til at den tyske modellen fikk gjennomslag og overtok hegemoniet i Europa: I franske sosietetskretser var durspillet bare et motefenomen, og interessen for instrumentet fortok seg temmelig raskt. Derest, fra ca. 1850 og fremover, slo den industrielle revolusjon med full tyngde inn over Tyskland og la grunnlaget for masseproduksjon av mange produkter, herunder musikkinstrumenter. Dette førte til en enorm produksjon av blant annet durspill, først og fremst enradere – med tilhørende prisras på instrumentene. Dermed fikk også vanlige arbeidere og bønder råd til å skaffe seg instrumentet,

og durspillet fikk etter hvert sterkt rotfeste blant disse klassene, og durspillet utviklet seg etter hvert til å bli først og fremst proletariatets instrument.

I Norge ble durspillet overkommelig for mange, også på landsbygda, fra 1860-årene og utover. I 1880-90-årene ble instrumentet tilgjengelig for alle som var i arbeid. I noe som het Warmuth Musiks handelskalender (for handels- og industrifolk) ble det i 1865 avertert for «Mund- og Handharmonikaer i alle forskjellige størrelser». Carl Warmuth var innvandret tysker og startet i 1843 opp med musikkhandel i Christiania. I 1861 åpnet han stor forretning i Kirkegaten 17 i Christiania. Han begynte å handle med trekkspill ca. 1860. 1869 ble en mann ved navn Erick M. Wichne registrert som «Accordionmager» i Bergen, med oppstart i 1861.

Når kom durspillet til Hallingdal?

Det finnes få sikre kilder for når durspillet første gang ble tatt i bruk i Hallingdal. Noen muntlige kilder sier 1860-årene, andre mener at det ikke kom i bruk før rundt 1890. Populærversjonen er at det var anleggsarbeiderne på Bergensbanen, de såkalte rallarene, som brakte med seg durspillet til dalen. Det er nok ikke riktig. I følge sikre kilder var instrumentet også i bruk lenge før Bergensbanen ble vedtatt bygget i 1894 (offisielt åpnet i 1909). Da Bergensbanen ble igangsatt, hadde det trolig allerede lenge eksistert en durspilltradisjon i deler av Hallingdal, i første rekke i kommunene Ål og Hol, med bruk av enraderen som slåtte- og danseinstrument. Jon Faukstad (s. 21)¹ viser til en kilde ved navn Asle Kirkedalen (NEG²-811-s. 8) som sier 1870-80-årene. Mange forhold, blant annet handelen med Tyskland, etablerte musikkforretninger i Bergen og Oslo rundt 1860, samt den religiøse vekkelsen i Norge og Europa i disse årene, peker i den retning.

Hvor trekkspillet kom fra er selvsagt også av interesse. Noen kilder sier at trekkspillet trolig kom vestfra, andre at kontakten var sterkest østover, og at det trolig først ble innført fra den kanten. Begge deler kan være riktig. En gammel hallingspringarlått, både på hardingfele og durspill, heter «Silde-Per». Den skal være etter en hardingfelespillemann fra Vestlandet som kom til Hallingdal for å selge sild, som var et viktig kosttilskudd i bøndenes strevsomme liv. Kanskje han også brakte med seg nyheter om nye strømninger i Europas musikkliv fra en viss «accordionmaker» i Bergen?

Forholdet til feletradisjonen

Det er mange grunner til at det fikk etablere seg en sterk durspilltradisjon på springar og laus i Hallingdal (dog først og fremst på springar³). Den religiøse vekkelsen over store deler av landet i 1860-70-årene, som førte til at hardingfela nærmest ble bannlyst, var én årsak. Men denne vekkelsen gjaldt ikke spesielt for Hallingdal.

Viktigere er at hardingfeletradisjonen i Hallingdal aldri kom til å stå så sterkt som i andre tradisjonsområder som Telemark, Valdres og Setesdal, hvor hardingfela etter hvert fikk en opphøyd status, hjulpet frem av spillemenn som Håvard Gibøen, Myllarguten, Jørn Hilme, m.fl., som utviklet hardingfelespillet til å bli nærmest en egen kunstart. I Hallingdal har det aldri vært store hardingfelemenn på nasjonalt nivå (til tross for størrelser som Tor Grimsgård og Ola Dekko). Her var hardingfelemusikken alltid først og fremst dansemusikk, ikke konsertmusikk. Om dansemusikken kom fra fele eller én- og torader spilte mindre rolle, så lenge den var god. Dessuten har det alltid vært få hardingfelemakere i Hallingdal sammenlignet med for eksempel i Telemark, hvor det nær sagt fantes en hardingfelemaker i hver grend. Dermed fikk durspillet lettere innpass når det først kom.

¹ Jon Faukstad: «Ein-raderen i norsk folkemusikk», Universitetsforlaget, 1978.

² NEG = Norsk etnografisk granskning

³ I motsetning til hva man kanskje skulle tro, er det få lausslåtter i Hallingdal sammenlignet med springarslåtter.

En annen årsak er at nesten alle de gamle hardingfeleslåttene i Hallingdal går i dur, i motsetning til Gudbrandsdalen, et annet dalføre hvor durspillet fikk stor utbredelse, hvor de for mange av slåttene går i moll. I tillegg har hallingdalsslåttene en relativt enkel struktur sammenlignet med slåttematerialet i andre dalfører, for eksempel Valdres, hvor det også er en sterk durspill-tradisjon, noe som gjorde det forholdsvis enkelt å overføre hardingfeleslåttene til durspill.

Et viktig poeng er også at springaren alltid har stått sterkt i Hallingdal, med dansen i førersetet. Spillemennene var derfor nødt til å spille springar – også på durspill.

Utviklingen av en slåttetradisjon på enrader

Ål er trolig den bygda som har den sterkeste dansetradisjonen i Hallingdal, hvilket ikke sier så lite med tanke på den enestående stillingen bygdedans-tradisjonen har i dalføret. Det synes samtidig å være enighet om at hallingspringarens takt og rytme gjør durspillet svært godt egnet som danseinstrument for denne type slåtter. Det er godt mulig at kombinasjonen av en sterk dansetradisjon og durspilletts egnethet som danseinstrument for den type dans som hallingspringaren representerer, er en av de viktigste årsakene til at det utviklet seg en så sterk durspilltradisjon på springar, og dels laus, nettopp i «dansebygda» Ål.



Bjørn Aasheim



Torader av type Hohner.

Kommentar:

Bjørn Aasheim er født og oppvokst i Oslo og har drevet med musikk hele livet. På 80-talet kom han inn i folkedansmiljøet i Oslo og begynte å spille durspill (torader). Han har også spilt mye til dans, også for Hallinglaget. De senere årene har han fått særlig interesse for durspilltradisjonen i Hallingdal, og han studerer mellom annet dette under sine masterstudier i Rauland.

Reisebrev fra Burma

28.mai-1.juni 2014:

I år hadde jeg store planer om reise til Folkemusikkveka på Ål i slutten av mai. Det endte med at jeg i stedet reiste en svipptur til Myanmar.



Sammen med folkemusiker Vegar Vårdal, lydmann og en representant fra Telenor reiste jeg en onsdag formiddag fra Gardermoen via Bangkok til Yangoon, hovedstaden i det landet som offisielt kalles Myanmar. Flyreisen tok til sammen 12 timer.

Militærjuntaen i Den tidligere britiske kolonien endret i 1989 navnet på landet fra Burma til Myanmar. I dag er det fortsatt mange land, bla. Norge, som ikke anerkjenner det nye navnet og omtaler landet som Burma. Den politiske situasjonen i Myanmar stod spesielt frem i det norske nyhetsbildet i 2007, da det ble arrangert en støttemarkering for demokratibevægelsen i Burma av eksilburmesere foran Nobels Fredssenter i Oslo. Militærjuntaen står i dag fortsatt sterkt i landet på tross av at Myanmar hadde sitt første demokratiske valg i 2010.

Burma er et land det er veldig vanskelig å reise inn i, med mindre du f.eks. er ansatt i Telenor. Landets turistnæring lever i all hovedsak på turisme fra Japan og Kina. For å få visum inn i landet måtte vi få en spesiell invitasjon fra Telenor og godkjenning fra det burmesiske utenriksdepartementet. Siden vi skulle opptre på åpningen av det nybygde hovedkvarteret til Telenor gikk det relativt fort å ordne med visum på flyplassen i Yangoon.

Siden mennesker i Burma sjeldent treffer turister fra andre land utenfor Asia, ble Vegar og jeg en ganske iøynefallende begivenhet på gata. To bleke menn, en med krøllete og en med langt blondt hår, vakte stor begeistring da vi gikk en tur rundt hotellet. Den første erfaringen vi gjorde oss med burmesere var at de ikke hadde noen hemninger mot å peke på folk, le høylytt og glise stort med de rødgule tennene sine. I Burma har de den noe uappetittlige vanen å tygge en slags tobakk kalt Betelblad. Den gir typisk rødgule tenner og de bryr seg ikke om hvor de spytter ut den ferdigtyggede massen. Selv ikke på det nylagte vegg til vegg-teppet i Telenor sine lokaler. I tillegg så er de ekstremt hjelpsomme og pratsomme. De vil

gjærne øve seg på å prate engelsk, men forstår like lite som de kan prate. Vi fikk alt for ofte svaret «Yes! Yes!» når vi kom i prat med lokale folk, uansett hva vi sa.

På åpningen av Telenors hovedkontor i Yangoon skulle Vegar og jeg ha et kort innslag før de lokale musikerne fikk lov til å ta over dansegulvet. Vegar hadde på forhånd fått beskjed om at vi skulle opptre sammen med en lokal tradisjonell dansegruppe, så mye av tiden vår gikk med til å øve inn det felles opplegget vi skulle vise frem. Den intense luftfuktigheten ble ikke stort bedre av at all øvingen foregikk i et stort telt som skulle huse samtlige av Yangoons elite. Det var vanvittig varmt, helt til airconditionen ble skrudd på 2 timer før gjestene ankom.

Det norske innslaget ble tatt imot med stor applaus. Norske hallingkast blandet med vakre burmesiske kvinnelige dansere er tydeligvis oppskriften på suksess i Burma. I etterkant sitter jeg nå igjen med mange fantastiske opplevelser. Burma er et land som spenner seg fra storslagne buddhistiske templer dekket av gull og luksuriøse hoteller, til politibiler med barn fengslet i bur og frityrstekte rotter solgt som mat på gata. Likevel føltes 3 dager som akkurat nok tid til å oppleve dethovedstaden Yangoon hadde å tilby. Jeg takker ikke nei om jeg blir tilbudt en ny reise til dette eksotiske landet, men higer ei heller etter å reise tilbake. Nå gleder jeg meg til å se hvordan mitt neste eventyr blir.

Simon H. Løvald

En sommer i Hakkebakkeskogen:

I sommer kunne besøkende til Bjørneparken på Flå oppleve historien om Klatremus og de andre dyra i Hakkebakkeskogen for 5. År på rad. Forestillingen ble spilt tirsdag til søndag i tidsrommet 5.juli – 3.august på amfiet i parken. Men fortellingen om Hakkebakkeskogen blir ikke fremstilt her som overalt ellers i landet. På Flå blir historien fortalt med halling-vri.

Regissør Gry Tøsdal fra Buskerud Teater kom i fjor inn i prosjektet med et ønske om å tilpasse Torbjørn Egner sitt univers til en mer lokal variant. Dyrene ble ikledd bunadliknende klær, de skulle prate hallingmål og de danset lokal tradisjonsdans.

Nytt i sommer var at Hallgrim Hansegård, kjent som grunnlegger av dansekompaniet FRIKAR, ble hentet inn som koreograf. Hallgrim bidro spesielt ved å koreografere en intro-sekvens, som skulle presentere ensemblet og hallingtemaet før selve historien tok til, en storslagen jaktsekvens mellom Mikkel Rev og Klatremus og feiringen av bamses fødselsdag. I tillegg koreograferte Hallgrim en ny sekvens der det skulle danses hallingspringar til en nykomponert springarslått av Jo Asgeir Lie. I alle tidligere oppsetninger har det vært et varierende antall lokale aktører som har hatt sentrale roller, noen også fra folkedansmiljøet i Hallingdal. Vetle Springgard har spilt Mikkel Rev, Eirik Fuglesteg Luksengård har vært i rollen som Morten Skogmus og siden i fjor som Klatremus og Silje Risdal Liahagen har fått vise sine sangferdigheter i rollene som Bestemor Skogmus og Stabbursmusa helt siden forestillingen ble vist første året. Dette bidro til at overgangen til halling-temaet gikk mye enklere.

I fjor ble det hentet inn et helt nytt ensemble av skuespillere i tillegg til de lokale folkedanserne. Fra Bårdar og Musikkteaterhøyskolen ble det hentet musiklartister som måtte bryne seg på å skulle snakke, danse og synges på halling-vis. Som musikere ble blant andre folkemusiker Nina Fjeldet hentet inn til rollen som felespiller og Kråkeper.

Hallingdialekten og selve forestillingens gang satt godt i hukommelsen til skuespillerne fra fjorårets sesong med opptredener, så den store utfordringen lå uten tvil i dansen. I løpet av prøveperioden fikk

ensemblen instruksjon i laus og springar for å kunne delta i felleskoreografiene. Etter harde økter med Hallgrim Hansegård var det derfor godt å kunne trekke seg tilbake til hotellrommene på Thon Hotell som vi fikk til rådighet hele prøveperioden.



Tre generasjoner med Brumlemann:

Mikkel Aasberg (2011-2012), Magne Håheim (2013) og Simon H. Løvald (2014)

Undertegnede var selv med som ny av året i rollen som Brumlemann. Det viste seg å bli en veldig lærerik opplevelse hvor jeg fikk både utfordret mine skuespillerevner på scenen og danseferdigheter i Hansegårds koreografier.

Fordi Thon hotell på Flå var fullbooket mesteparten av sommeren, ble vi etter prøveperioden innlosjert i hotellets nybygde leiligheter bak bjørneparken. Her fikk vi hvert vårt enkeltrom hvor vi kunne slappe av før og etter forestilling. Alt i alt viste forestillingsperioden seg å bli en ganske avslappende tid med bading, grilling, fotball, fiske og opptreden fra kl 16-18, 6 dager i uken.

Dessverre opplevde parken et noe dårligere besøkstall på forestillingene i år på tross av at antallet forestillinger var økt fra året før. I år er siste året Bjørneparken har rettighetene til å få sette opp Hakkebakkeskogen, så det er uvisst om tilbudet blir videreført neste sommer. Men blir det forestilling, så møt opp så du får sett den, for den er engasjerende og morsom for både små og store!

*Simon H. Løvald,
Danseleiar i Hallinglaget*

□

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2014

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- Ein kan få leige hardingfela til Hallinglaget for ein rimeleg penge.

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår kjære kasserar Elin Berget i laget vårt sier:

Som kasserer er eg veldig fornøgd med dette :-). Eg var akkurat innom for å prøve lykken på lotto i kveld. Der fikk eg registrert Hallinglaget som min grasrotmottaker ... det betyr klingende mynt i kassa vår. Hurra!

Vi må sende ut en e-post til medlemmene våre som informerer om at folk har mulighet til å velge Hallinglaget som grasrotmottaker! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Extra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Folkedanskveldar hausten 2014

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
01. sep			
07. sep	De frilynde	Rørspols	Hordaringen
14. sep	Solveig og Ole med venner	Menuett frå Orovais	Symra
21. sep	Østerdølenes spellmannslag	Valdresspringar	Valdrelaget
28. sep	Steinsgårdskroken	Sognespringar	Sogn- og fjordaneringen
05. okt	Brødrene Odde	Hallingspringar !	BUL
12. okt	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen
19. okt	Sofienberg spellemannslag	Stildans	Symra
26. okt	Bærum spelemannslag	Polsskor	Sogn- og fjordaneringen
02. nov	Tonje og Stein Magne	Russisk dans	Hordaringen
09. nov	Dølalæte	Telespringar	Numedalslaget
16. nov	Farande Fant	Stildans	Symra
23. nov	Solveien spelemannslag	Setesdalsgangar?	Telelaget
30. nov	Enebakk spelemannslag	Springar frå Ulvik?	Hallinglaget i Oslo
07. des	Bærum spelemannslag	Polsskor	Sogn- og fjordaneringen
14. des	NMH	Springleik frå Vågå?	Folkedansnemnda

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,-** som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2014–2015

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 4820 4652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 4800 9581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemveien 247, 3677 Notodden	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Vibes gate 10A, 0356 Oslo	Tlf: 9363 7316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 4820 4652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Medlemer: Svein Aasen og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 9587 9270 – mobil
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth, Mari Nustad og Hilde Kirkebøen.

Danseleiar: Simon Hesselberg Løvald Tlf: 9363 7316
Revisor: Alix Cordray Tlf.: 2225 2949
Valnemnd: Ola Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no .

Hallingbu



ERB
JR.96